

**Samrøystes om avløpsanlegga**

03.12.2009

**Formannskapet har samrøystes gjeve rådmannen fullmakt til å ingå kontrakt med firmaet Dale Entreprenør i Dalekvam og Rør-Dykk i Hagavik om utbyggjing av avløpsanlegg i Uskedalen for ein samla sum på 5,58 millionar kroner. Ole Torbjørn Holmedal (Framstegspartiet) hadde ein kritisk teknisk merknad men røysta ikkje i mot.**

Dale Entreprenør skal ta seg av grunn- og leidningsarbeider medan Rør-Dykk skal leggja sjøleidningane.

Ein føresetnad for inngåing av kontraktane er at alle nødvendige grunnavtalar er i orden.

Dei to nye pumpestasjonane som skal til er allereie kontraherte og kostnaden for dei inngår i totalsummen.